

Møtereferat

Dato: 28.06.2017

Emne:	Referat frå planforum 30.05.2017 – Samnanger kommune - kommuneplanens arealdel 2017 - 2027	
Til stades:	Roald Aandahl, Samnanger kommune Laila Pedersen Kaland, Fylkesmannen Grete Riise, Fylkesmannen Hanne Berentsen, Fylkesmannen Toralf Otnes, NVE Region vest Odd Tøsdal, Mattilsynet Vidar Totland, Invest in Bergen Eva Katrine Taule, HFK, plan Per Nordmark, HFK, plan Hanne Katrine, HFK, plan Kjetil Bø Omarstrand, HFK, plan Gunhild Raddum, HFK, transportplan Else-Marie Aarø, HFK, næring/folkehelse Vidar Totland, Invest in Bergen	
Forfall:		Sak: 2014/13624-113
Møtetid:	13.00-15:00	Møtestad: møterom Sunnhordland, Fylkeshuset

Møteleiar: Eva Katrine Taule

Referent: Kjetil Bø Omarstrand

Eva Katrine Taule, fagleiar for kommunal planlegging i HFK ønsker velkomen og orienterer om planforum, eit fora for å fremme dialog i planprosessane. Kort presentasjonsrunde.

Innleiing ved Roald Aandahl, Samnanger kommune

Planforslaget blei sendt ut på høring 5. mai for å rekke behandling i kommunestyret 15. juni. Fylkesmannen har bedt om utsatt frist til å kome med innspel. Kommunen ønskja innspel og avklaringar kring blant annar volum for spreidd utbygging, strandpromenade langs fjorden og tiltak i forbindelse med etableringa av datalagringssenter i Børdalen.

Presentasjon ved Roald Aandahl, Samnanger kommune

Samnanger kommune har lenge hatt ein flat befolkningsvekst. Innbyggjartalet var noko høgare i 1950 enn det er i dag. Som ein konsekvens av at det har føregått ein sentralisering i kommunen sidan 1960, er det få busette i grendane lenger. Ein kan no sjå ein tendens til at fleire av dei som flytter tilbake til kommunen ønskjer å ta over eldre gardsbruk eller busette seg i mindre sentrale strøk. Samnanger kommune var i fjor den fjerde største vekstkommunen i Hordaland. Mykje av veksten skuldast talet på kvoteflyktingar som kommunen har teke i mot. Kommunen opererer med ein prognosert vekst på 1,5%, noko som inneber 399 nye innbyggjarar. Samnanger kommer leggje opp til ein to-delt struktur med fortetting i sentrale strøk og vedlikehaldsvekst i grendane. Eit viktig premis i planarbeidet har vore nærleiken til skule, trygg skuleveg, og offentlege transportmidlar. Som eit resultat av høg arealreserve i gjeldande kommuneplan har kommunen fjerna 684 daa, tidligare har vore avsett til bustadføremål i gjeldande kommuneplan. Kommunen

har også flytta større delar av arealreserven mot sentrale deler av kommunen. Bjørkheim og Gjerde-Haga vert vurdert som dei beste område for ein vidare fortetting basert på noverande infrastruktur og reduksjon i turproduksjon. Kommunen har tilbakeført areal i strandsona til LNF- område, og påpeiker at dei ynskjer ei fortetting langs alle vegar for å forhindre spreiding. Kommunen har valt å behalde 11 reguleringsplaner, og ønsker å utnytte resttomtar der det ikkje stillast krav til reguleringsplan. Kommunen har i planarbeidet valt å utelatt område med dyrka mark og prøvd og finna område som ikkje står i konflikt med jordvernet. LNF-spreidd område er fordelt over heile kommunen. I desse områda vil det alltid vere ein forventning om godkjente byggesøknader. For å hindre spreidd utbygging ønskjer kommunen difor å sikre føreseieleg behandling av mindre tiltak innanfor 25 m til busetnad på allereie utnyttta tomter i LNF-område (garasjar, fasadar mfl.)

Datalagringssenter i Børdalen

Planområdet ligg utsett til for sørpeskred, steinskred, steinsprang, samt flom i øvre delar av planområdet. Ein geologisk grovvurdering har konkludert med at anlegget kan etablerast dersom ein sikrar planområdet på ein tilstrekkelig måte. Prosjektet inneber flytting av matjord og omlegging av dagens elveløp. Kommunen ønsker å få avklart om det er mogleg å utvikle området så nært elva som planen leggje opp til. Lokaliseringa i Børdalen er gunstig med tanke på kraftforsyning og mørk fiber. Datalagringssenteret møter stor konkurranse rundt om i verden. Datalagringssenteret vil kunne bidra til å skape nye kompetansearbeidsplasser i både Samnanger og regionen som heilhet. BKK har avkrefta at drifta av anlegget ikkje vil vere i konflikt med deira sine interesser i området. Kommunen påpeikte at det er trong for to ROS-analysar, kor ei er etter norske krav og ei etter EU-krav.

Strandpromenade mellom Bjørkheim og Ådland

Kommunen ønsker gjennom ei utbetring av strandsonen å leggje til rette for eit trivelig fellesområde som inkluderer både naustrekka og ein gang- og sykkelforbinding mellom Bjørkheim og Ådland langs fjorden. Dei håpar å kunne bruke overskotsmasser frå store vegprosjekter som E16 og Hordalandsdiagonalen om denne vert realisert. Kommunen er i dialog med Statens vegvesen.

Diskusjon i plenum

Børdalen

NVE oppfattar at kommunen har arbeida grundig med problemstillingane knytt til etableringa av datalagringssenter i Børdalen. Områder må kartleggast ytterlegare for at sikkerheita vert godt nok ivareteken. Desse krava bør med fordel forankrast i ein reguleringsplan for området. NVE i utgangspunktet skeptiske til endring av dagens elveløp. Planområdet omfattar eit viktig knutepunkt for energiforsyning, og er noko som må taksast særskilt omsyn til i det vidare planarbeidet. Det vart påpeikt at datalagringssenteret kan ikkje marknadsførast før området er ferdig regulert. Utan at området er dokumentert avklart som eigna og ferdig regulert er det vanskeleg å finne investorar som er villige til å satsa økonomisk.

Strandpromenade mellom Bjørkheim og Ådland:

Positivt tiltak som vil auke den opplevde kvaliteten og gi ulike brukargrupper enklare tilgang til sjøen. Vegen er i dag prega av å vera ein gjennomgangsveg. Kommunen håper at ei utbetring av strandsona vil bidra til stimulere dei som kjører gjennom Samnanger kommune til å ønske å busette seg i kommunen. Fylkesvegen ligg per i dag tett på strandsona. Ved tilrettelegging av strandsonen blir det viktig å sikre gode gangforbindingar mellom strandsonen og andre deler av planområdet. Kommunen er i dialog med vegvesenet.

Bygging i LNF-område

Søknader om tillating til å utføre mindre endringar på f.eks. fasadar og oppføring av garasje på utbygde tomter i LNF-område vert nok behandla noko tilsvarande som for liknande tilfella i LNF-spreidd område. KMD sitt forslag om å bruke matrikkelen var ukjent for mange og må presiserast ytterlegare.

Utbyggingsmønster

Avstandane mellom busetnaden i Tysse, skule i Gjerde og Bjørkheim er store og det er naudsynt at desse områda knytast tettare saman. Kommunen bør prioritera betre og trygge forbindingar mellom Tysse og Bjørkheim. Utbyggingsområdet i Haga ligg langt i frå fylkesvegen og er i strid med målsettingar om fortettingar kring kollektivknutepunkt. Lokaliseringa av ein fleirbrukshall i høgareliggjande område skaper også utfordringar. Kommunen ser for seg eit fingersystem med snarvegar for gange- og sykkeltrafikk. Det kan også verte aktuelt å stenge gamlevegen opp mot idrettsanlegget for trafikk utanom til/frå eigedomar i området for å sikra trafikktryggleiken til/frå idrettsanlegget. Kommunen vurderer ny veg opp til Hagabotnen. Det er ikkje ønskeleg med fleire avkøyrslar langs fylkesvegen. Kommunen meiner at målet om fortetting i sentrale område må vektast opp mot dei som ønskjer å flytte tilbake til kommunen og busette seg på heimegarden eller meir spreiddbygde område.

Arealreserven i området kring Bjørkheim er stor nok til at ein kan leggje til rette ein varierte bustadstruktur som imøtekome behovet til ulike brukargrupper. Som ein konsekvens av fortettinga i sentrale strøk kan størrelsen på uteopphaldsareal verte mindre. Utbygging på dyrka jord skal avgrensast til eit minimum, og det vart påpeikt at utbygging av bustader og fritidsbustader på generell basis ikkje dannar eit godt nok grunnlag for avgang av areal sett av til dyrka mark. Kommunen har valt å ikkje ta ut eit område med dyrka mark rundt Bolstadhaugen frå planen av omsyn til sikring av vegtilgang til skulen. Det vert påpeikt at kommunen bør vektlegga verdien av å bevare grøntområde kring skulen. Kommunen vart også bedt om å ta meir stilling til sosiale møteplassar og sosial infrastruktur i det vidare planarbeidet.